



Statens vegvesen Region vest
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1520 - 18/12426

Saksbehandlar:
Berit M.Eskeland
Berit.Eskeland@meland.kommune.no

Dato:
07.06.2018

HØYRING - SKILT 516 GANGFELT – KV 1109 ÅDLANDSVEGEN

Meland kommune ønskjer å etablere to nye gangfelt langs KV 1109 Ådlandsvegen nær Grasdal skule. Meland kommune er skiltmyndigheit etter Skiltforskriften § 28 (2). Før vedtaket vert treft skal regionvegkontoret og politiet få uttale seg jf. § 28 (3).

KV 1109 Ådlandsvegen er skuleveg for elevar ved Grasdal skule. Fartsgrensa er 30 km/t i timen og vegen har fartsdempande tiltak i form av fartshumper. Når elevane skal gå frå busstoppet til skulen må dei krysse to trafikkerte avkøyrslar. Den eine er innkøyring til Marthahaugen barnehage og den andre er innkøyring til parkeringsplass for ansatte ved Grasdal skule. Meland kommune ønskjer å sikre ein samanhengande gangtrasè for elevane ved å etablere gangfelt over begge desse avkøyrslene. Kommunen har fått innspel frå skulen og FAU om at dette er noko dei ønskjer.

Gangfelta vil bli plassert etter vedlagt skiltplan. Vi gjer merksam på at innkøyringa til den nye parkeringsplassen ved Grasdal skule er så ny at kartgrunnlaget til kommunen foreløpig ikkje er oppdatert.

Vi ber om at eventuelle merknader blir sendt til Meland kommune innan 28. juni 2018.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Berit M.Eskeland
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Postadresse
postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt
www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Vedlegg:

Skiltplan KV1109 Ådlandsvegen

Mottakere:Statens vegvesen Region vest
Vest politidistriktRegion vest
Postboks 856861
6901LEIKANGER
FLORØ